



Undervisning i fjerde klasse då det var open skule i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det skjer mykje spanande på skulen også denne månaden.

Måndag deltek skulen i den årlege matematikkdagen, som er eit landsomfattande opplegg. Også ved vår skule ønskjer dei å setja fokus på dette faget slik at elevane skal få auka interesse for det. Alle blir plasserte i ei gruppe og gruppa får mange matematiske utfordringar. Alle elevane vil arbeida med matematikk heile dagen.

Neste høgdepunkt kjem ei veke seinare – måndag 11. februar. Då opnar skulen dørene for alle og verksemdsleiar Vidar Haugland håper at mange også denne gongen har lyst og høve til å sjå korleis skulen fungerer ein (nesten) vanleg kvardag. Alle er like velkomne, både foreldre, føresette og andre kan koma og sjå korleis elevane arbeider.

- Det blir lagt opp til at dagen mest mogeleg skal vera ein "normal dag", men sjølvstapt blir han ikkje heilt normal. Vi vil gjera litt ekstra for å markere dagen, seier rektor Vidar Haugland.

Det blir open kantine frå klokka 11 og klokka 13 blir det ei tilstelning i Hallen. Der vil skulekoret syngja og det blir nokre elevinnslag. Resten av tida kan alle som vil besøkje dei klassane dei ønskjer og gjera seg kjende med elevar, lærarar og undervisninga.

Og så minnar Haugland om at karnevalsdagen går som planlagt saman med barnehagen 29. februar.

Av Ola Matti Mathisen



Akavariet kunne presenterast då det var open skule i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)